

**KONTROLLUTVALET I  
SULA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 20.05.2019, kl.14.00  
Møtestad: Sula rådhus, møterom 1

Møtet vart leia av Olav Bjarne Skodje.

Elles til stades:  
Gunvor Reistad Aannø, Aslak Digernes og Svein Værnes.  
Meldt forfall: Inger Øien.

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.  
Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram og  
forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.  
Frå Sula kommune møtte rådmann Leon Aurdal, økonomisjef Britt Blindheim, plansjef Terje  
Havnegjerde og teknisk sjef Jørn Agersborg.

Det var ingen merknader til innkallinga. Sakslista blei godkjent.

---

**Sak 10/20 Meldingar**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 13. mai 2020

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga om forenkla etterlevingskontroll til vitande.

**Sak 11/20 Godkjenning av møtebok frå telefonmøte 21.04.2020.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 13. mai 2020

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møte 21. april 2020.

**Sak 12/20 Årsmelding 2019 Sula kommune.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 13. mai 2020

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Sula kommune til orientering.

**Sak 13/20 Årsrekneskap 2019 Sula kommune.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 13. mai 2020

Innstilling frå sekretariatet:

**Uttale til kommunestyret:**

Sula kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

**Gunvor Reistad Aannø fremma eit nytt tilleggspunkt:**

Kontrollutvalet vil peike på den høge lånegjelda i rekneskapen for 2019 og vidare i økonomiplanperioden. For å kunne oppretthalde større handlefridom i økonomien er det viktig å være varsam med store lånefinansierte investeringar.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Sula kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet vil peike på den høge lånegjelda i rekneskapen for 2019 og vidare i økonomiplanperioden. For å kunne oppretthalde større handlefridom i økonomien er det viktig å være varsam med store lånefinansierte investeringar.

<b>Sak 14/20 Deling av arbeidsoppgåver mellom medlemene i kontrollutvalet.</b>
--

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 13. mai 2020

#### **Innstilling frå sekretariatet:**

1. Oppgåver med å formidle informasjon frå folkevalde organ til kontrollutvalet vert fordelt slik mellom utvalsmedlemene:
  - Formannskapet: \_\_\_\_\_ (medlem)
  - Fagutval helse/sosial \_\_\_\_\_ (medlem)
  - Fagutval kultur/folkehelse \_\_\_\_\_ (medlem)
  - Fagutval oppvekst \_\_\_\_\_ (medlem)
  - Fagutval teknisk område \_\_\_\_\_ (medlem)
2. Kontrollutvalet sin leiar og/eller kontrollutvalsmedlemet har på vegne av kontrollutvalet møterett i det aktuelle organet nemnt under pkt. 1.
3. Kontrollutvalet sin leiar kan utøve den generelle innsynsretten etter kommunelova § 23, tredje ledd på kontrollutvalet sine vegne.

4. Kontrollutvalsekretariatet sørger for at det blir gitt nødvendig orientering om dette vedtaket.

### **Leiar Olav Bjarne Skodje fremma på vegne av kontrollutvalet eit nytt punkt 5:**

Det er ønskjeleg å få laga eit oppdatert reglement for Sula kontrollutval.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Oppgåver med å formidle informasjon frå folkevalde organ til kontrollutvalet vert fordelt slik mellom utvalsmedlemene:
  - Formannskapet/plan: Svein Værnes (medlem)
  - Fagutval helse/sosial: Gunvor Reistad Aannø (medlem)
  - Fagutval kultur/folkehelse: Inger Øien (medlem)
  - Fagutval oppvekst: Aslak Digernes (medlem)
  - Fagutval teknisk område: Olav Bjarne Skodje (medlem)
2. Kontrollutvalet sin leiar og/eller kontrollutvalsmedlemet har på vegne av kontrollutvalet møterett i det aktuelle organet nemnt under pkt. 1.
3. Kontrollutvalet sin leiar kan utøve den generelle innsynsretten etter kommunelova § 23, tredje ledd på kontrollutvalet sine vegne.
4. Kontrollutvalsekretariatet sørger for at det blir gitt nødvendig orientering om dette vedtaket.
5. Det er ønskjeleg å få laga eit oppdatert reglement for Sula kontrollutval.

## Sak 15/20 Risiko- og vesentlegvurdering. Innspel og diskusjon.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 13. mai 2020

### Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sula kontrollutval tek saka til vitande og ønskjer å framheve følgjande områder for det vidare arbeidet med ei risiko- og vesentlegvurdering: **Lovpålagte oppgåver, økonomi, barnevern, offentlege innkjøp, interkommunale avtalar, pleie/omsorg, IKT, sjølvkost.**

## Sak 16/20 Orientering om status med rullering av arealplan.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 13. mai 2020

Det var ikkje lagt fram innstilling frå sekretariatet.

Administrasjonen gav ei orientering kring arbeidet med arealplanen og ulike reguleringsplanar. Utvalet fekk høve til å stille spørsmål og diskutere forskjellige problemstillingar.

### Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for ei god orientering og tar den til vitande.

---

### Eventuelt:

Det var tatt opp med rådmann både rullering av felles innkjøpspolitikk og kommunestyret sitt delegasjonsreglement. Kontrollutvalet vil følgje dette opp vidare.

Rådmann fortalde kort om nye rutinar omkring rapportering av saker som har vore behandla tidlegare og status på desse. Kontrollutvalet vil be om ei orientering om dette på neste møte.

Møtet var slutt kl. 15.45

Olav Bjarne Skodje	Gunvor Reistad Aannø	Aslak Digernes	Svein Værnes
Leiar	Nestleiar	Medlem	Medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)